



## Tiltak PPT – pedagogisk psykologisk teneste

Generelt:

Alle skular og barnehagar har tilbod om «fast tid» - eit møtepunkt der ein skal drøfta saker som vedkjem skulen eller barnehagen på systemnivå med mål om å utvikla kompetanse, og drøfta erfaringar skulen og barnehagen gjer seg i sitt arbeid. Enkeltbarn skal drøftast etter samtykke med føresette etter BTI-modellen.

<b>NAMN PÅ TILTAKET:</b> <b>Råd og rettleiing</b>	<b>GJELD NIVÅ: 1</b>
<b>Aktuell aldersgruppe:</b> 0- 16 år	
<b>Omfang:</b> 1-2 rettleiingar	<b>Kontaktperson i tenesta:</b> Kontaktperson for skulen eller barnehagen/ Fagleg leiar for tenesta Jannecke Fjeldtvedt, <a href="mailto:jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no">jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no</a> tlf. 53496946
<b>Omtale av tiltaket:</b> Dersom ein skule eller barnehage ynskjer råd/rettleiing om korleis arbeida med ulike tema knytt opp til eit enkelt born med identifiserte vanskar eller korleis nytta dei verktøy som er tilrådd i kartlegging og/eller observasjon av born kan PP tenesta gi råd/rettleiing.	



Tiltak:

<b>NAMN PÅ TILTAKET:</b> <b>Kartlegging</b>	<b>GJELD NIVÅ: 2</b>
<b>Aktuell aldersgruppe:</b> 0-16 år	
<b>Omfang:</b> Individuelt, etter behov	<b>Kontaktperson i tenesta:</b> Kontaktperson for skulen eller barnehagen/ Fagleg leiar for tenesta Jannecke Fjeldtvedt, <a href="mailto:jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no">jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no</a> tlf. 53496946
<b>Omtale av tiltaket:</b> PP tenesta kan bistå skule/barnehage med sin kompetanse på enkeltbarn etter samtykke med føresette på nettverksmøte. Ein vil drøfta i møtet kva tiltak som har vore sett i verk, sjå på evt. alternativ og bistå skulen/barnehage i det vidare arbeidet på nivå 2.	
<b>NAMN PÅ TILTAKET:</b> <b>Sakkunnig vurdering</b>	<b>GJELD NIVÅ: 3</b>
<b>Aktuell aldersgruppe:</b> 0-16 år og vaksne	
<b>Omfang:</b> Individuelt tilpassa	<b>Kontaktperson i tenesta:</b> Kontaktperson for skulen eller barnehagen/ Fagleg leiar for tenesta Jannecke Fjeldtvedt, <a href="mailto:jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no">jannecke.fjeldtvedt@stord.kommune.no</a> tlf. 53496946
<b>Omtale av tiltaket:</b> PPT gjer sakkunnig vurdering knytt til ulike paragrafar i opplæringslova og barnehagelova. Ei utgreiing innhald som oftast: <ul style="list-style-type: none"><li>- Kartleggingsamtalar med barnet/ungdommen, barnehage/skule og føresette</li><li>- Observasjon i barnehage/skule</li><li>- Ulike kartleggingsvertøy og skjema, til dømes 5-15, CCC-2 SRS med fleire</li><li>- Kartlegging og testing av evner</li><li>- Hente informasjon frå samarbeidspartnarar</li><li>- Tilbakemelding til barnet, føresette og barnehage/skule</li></ul>	